

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 27. november 2014
Tid: kl. 09.30
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 23/14

Sakliste:

21/14 Godkjenning av protokoll 10.09.14

22/14 Referat- og orienteringssaker 27.11.14

23/14 Orientering om budsjettframlegget for 2015 og økonomiplan 2015-2018


24/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015

25/14 Møteplan 2015

Ymse

Aksdal, 20.11.14

Sverre Underbakke (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 23/14)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	27.11.14	21/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.09.14

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 10.09.14


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 10.09.14 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av nestleiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 19.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 10. september 2014 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av nestleiar Berit Myrland.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 09.30 – 11.10
MØTANDE MEDLEMMER:	Berit Myrland (SV), Solveig Sukka (Sp) Tormod Skeie (SV), og Vanja Ignjatic (H)
FORFALL:	Sverre Underbakke (H)
MØTANDE VARAMEDLEM	Ole-Johan Østebø (1.vara)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 14/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL 19.06.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 19.06.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 19.06.14 blir godkjent slik han ligg føre

SAK 15/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.09.14

- 29. Statusoversikt pr. september 2014
- 30. Tertialrapport 31.07.14 - frå Rogaland Revisjon IKS
- 31. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
- 32. KS – lokale og regionale prosesser vedk. kommunereforma

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Revisor gjorde kort greie for tertialrapporten frå Rogaland Revisjon IKS. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:

Kontrollutvalet tek referatsakene 29 - 32 til orientering.

SAK 16/14 REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14

Utvalet hadde ei meiningsutveksling om framlegget til endringar i reglementet. Spesielt framlegget til endring i røystereglane for høyring, kap. 8,2 vart drøfta nærare. Utvalet vart samd om at framlegget var bra og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

SAK 17/14 REVISOR SI EIGENERKLÆRING - ROGALAND REVISJON IKS

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14

Revisor gjorde kort greie for eigenerklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Cicol T. Arrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

SAK 18/14 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2014 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14

Revisor orienterte om planen samstundes som den vart vist på skjerm. Han gjorde greie for revisjonen sitt arbeid så langt i år. Vidare orienterte han om særskilte forhold innan kommunal sektor, risikofaktorar, nøkkeltal for Suldal, «vesentlighetsgrensen» for 2014, kva som vil bli vektlagt for revisjon i år, samt ulike risikovurderingar.

Utvalet meinte det var ein interessant gjennomgang og hadde nokre spørsmål undervegs. Revisjonen har så langt i år tilleggsfakturert kommunen for ca. 50 timar. Dette er om lag ei halvering frå i fjor. Revisjonen meiner kommunen ikkje har levert dokumentasjon på ein slik måte som avtalen krev, men at det går rette vegen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2014 til orientering.

SAK 19/14 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14

Sekretær gjort kort greie for saka. Utvalet var samd om at ein ynskjer å nytta moglegheita for å forlengja avtalen med eit år. T. Skeie fremma følgjande tilleggsframlegg: *Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17.* Utvalet slutta seg til innstillinga og Skeie sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17

SAK 20/14 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2015 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Suldal kommune for 2015 med ei totalramme på kr 998. 500, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	220.500
Kjøp av sekretærtjenester	Kr	153.000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	625.000

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14

Utvalet hadde ingen merknader til framlegget for budsjett for 2015.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Suldal kommune for 2015 med ei totalramme på kr 998. 500, som fordel seg slik:

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>220.500</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>153.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>Kr</i>	<i>625.000</i>

YMSE

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 27.11.14, kl. 09.30

Sand/Aksdal, 10.09.14

Berit Myrland
Nestleiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	27.11.14	22/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.11.14

- 33. Statusoversikt pr. november 2014
- 34. Komm. styrevedtak sak 14/064 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
- 35. Komm. styrevedtak sak 14/065 – Endring av reglement for kontrollutvalet
- 36. Eigarskapsmelding 2014
- 37. TBU: 1,75 prosent – artikkel frå Kommunal Rapport 17.11.14
- 38. Oppsummering frå konferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 33 – 38 vert tatt til orientering.

Aksdal, 19.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet i Suldal

Statusoversikt november 2014

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Plan- og byggesaker	19.06.14	200 timar	Under utarbeiding	Februar 2015	Utsett av revisor
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Arbeidsgjevarepolitikk	21.11.13	19.06.14	KST 09.09.14	Innan 6 mnd.	150 timar
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	KST 04.02.14	11.02.15	Oppf. utsett av rådm.
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	25.04.12	14.11.12	KST 29.01.13		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	KST 18.06.13	13.02.13	150 timar
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13	KST 19.03.13	21.11.13	
Plan for selskapskontroll 2012-2016		14.11.12	KST 29.01.13		
Andre saker					

VEDLEGG SAK 22/14

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 21.10.2014

Møtested: Kommunehuset

Møtetid: 18:00 - 20:30

Til stades	
Kommunestyremedlemma	

Forfall meldt fra følgende medlemmer	Parti
Britt Mari Engeskar	AP
Sverre Underbakke	H
Eskil Nerheim	V

Følgende varamedlemmer møtte	Parti
Elin Mikkelsen Bakka	AP
Dag Fisketjøn	V

parkeringsplassen.

3. Suldal Elverk er driftsansvarleg for ladestasjonen
4. Suldal kommune løyver NOK 300.000,- til ladestasjonen og inntil NOK 300.000,- til opparbeiding av parkeringsplassen, finansiert av kommunikasjonsfondet.

14/062: VURDERING AV MEDLEMSKAPEN I GREATER STAVANGER

Handsaming:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

Vedtak:

Suldal kommune vedtek å ikkje fornya partnerskapsavtalen med Greater Stavanger når gjeldande avtaleperiode går ut 31.12.2015. Vilkåret for dette er at ein finn gode løysingar for kartportal.

14/063: FRAMLEGG TIL NY RENOVASJONSFORSKRIFT OG KOMMUNALTEKNISK AVFALLSNORM

Handsaming:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

Vedtak:

Suldal kommune vedtek å legge framlegga til ny renovasjonsforskrift og kommunalteknisk avfallsnorm ut til høyring. Ryfylke Miljøverk IKS får i oppgåve å samordne høyringsarbeidet.

14/064: REVISJONSAVTALEN - BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Handsaming:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

Vedtak:

Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17.

14/065: ENDRING AV REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALGET


Handsaming:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

Vedtak:

Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.
Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

VEDLEGG SAK 22/14



Suldal kommune

Eigarskapsmelding 2014

(Vedlegg til 2. tertialrapport 2014)

Innholdsfortegnelse

Innleing	2
Generelt om eigarskap	2
Litt om ansvaret:	2
Selskapsformer	2
Eigardel	3
Endringar frå førre melding	3
Samla selskapsoversyn	5
Presentasjon av kvart selskap.....	6
AL – Andelslag / Samvirkeføretak	6
AS – Aksjeselskap	6
IKS – Interkommunale selskap.....	9
KF – Kommunalt føretak	10
S- Stiftelse	11
§ 28b samarbeid	12
§ 27 samarbeid	12

Innleing

Suldal kommune har eigarinteresser i mange selskap, som forvaltar viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar. Nokon har vi oppretta sjølve, mens andre har vi kjøpt oss inn i. I denne meldinga får du presentert dei ulike selskapa, og du får ein oversikt over endringar i frå førre melding. Vi har tatt med endringar med politisk vedtak og endringar som kjem fram av årsmelding og referat i frå generalforsamling/reprezentantskap. Men fyrst litt generelt om eigarskap.

Generelt om eigarskap

Det er fleire skriv knytt til det med å vere offentleg eigar, blant anna eigarskapmeldinga til regjeringa, St melding 13 (2006/2007) "Et aktivt og langsiktig eigarskap" og KS sitt skriv "Anbefaling om eigarskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eigde selskap og føretak".

Det kan vera både politiske og finansielle grunnar for å skilje ut drift i eige selskap, eller vera medeigar i eit selskap. Motivasjonen for å danna eit selskap kan vera for eksempel å effektivisera tenesteproduksjonen eller for å kunne lettare utføre oppgåver på tvers av kommunegrenser, eller for å yte felles press for utvikling av regionen. Det negative er at ein flyttar makt frå kommunestyret til styra i dei einskilde selskapa, noko som gjer mindre demokratisk kontroll.

Litt om ansvaret:

- Ansvar for eigarstyring er politisk.
- Kommunestyret utøver eigarskapet gjennom generalforsamling / representantskap. Alle føretak og selskap bør følgjast opp systematisk ved at årsrapportar og årsrekneskap vert meldt politisk.
- Representant på generalforsamling / i representantskap har ansvar for å sende protokoll, årsrapport og årsrekneskap til kommunen.

Selskapsformer

- KF (kommunale føretak): kommunen eig 100%. Kommunestyret er øvste organ, og vel styret. Underlagt kommunale retningslinjer.
- IKS (interkommunalt selskap): Eige rettssubjekt. Berre Kommune/fylkeskommune kan delta i selskapet. Andre føretak / personar kan ikkje vere deltakar. Uavgrensa ansvar. Representantskapet er øvste organ.
- AS (aksjeselskap): ansvar for innskott kapital. Generalforsamling er øvste organ
- AL: Samvirkeføretak

- Stiftelse: Eig seg sjøve. Øvste organ er styret.
- Interkommunalt samarbeid: kommuneloven kapittel 5, ulike former for organisering

Eigardel

- 91% Ein kan tvangsutløyse dei andre aksjonærene
- 67% Endring av vedtekter krev 2/3 av stemmane.
- 51% Utbetaling av utbytte, godkjenning av årsrekneskap og val av styremedlemmer krev meir enn 50% av stemmane.
- 34% Negativ kontroll. Ein kan blant anna stoppe vedtektsendringar.

Grad av styring og kontroll

Forvaltning			Fristilling
Konkurransesituasjon			
Kommuneloven	Interkommunale selskap	Aksjeloven	Stiftelsesloven
Etat (§10) Institusjon (§11) Foretak (kap.11) Verstkommune (§28) Samarbeid (§27) Grunnstruktur: -Kommunestyret -Formannskap/Urvalg -Rådmann "Eiere": Eiere(kommunens) ansvar -Innbyggere -Ubegrenset -Næringsliv -Ordfører juridisk person Integrert del av kommunen	Interkommunalt selskap (IKS) Grunnstruktur: -Representantskap -Styre -Daglig leder Eiere: Begrenset Eiers ansvar: Ubegrenset Styreprerentanter: Ubegrenset økonomisk og strafferettslig ansvar (solidarisk økonomisk ansvar) jfr akse-, IKS- og Stiftelsesloven	Aksjeselskap (AS) Grunnstruktur: -Generalforsamling -Styre -Daglig leder Eiere: Begrenset Eiers ansvar: Begrenset til innskutt kapital	Stiftelse Grunnstruktur: -Styre -Daglig leder Ingen eiere
	Selvstendig rettssubjekt		

- Suldal kommune er med i 1 samvirkeleg, , 6 IKS, 1 KF, 1 § 28b-samarbeid og 3 § 27-samarbeid. Desse selskapa er integrert med kommunane, og forvaltninga (bør) ha god kontroll med det som skjer i selskapa.
- I tillegg er vi med i 11 AS. Her har vi gitt frå oss noko av kontrollen til eit styre.
- I tillegg er vi med i 3 stiftingar. Formelt sett har vi ingen kontroll over desse selskapa. Stiftelse er ikkje ein anbefalt eigarform for verksemd som krev eigarstyring.

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa.

Endringar frå førre melding – politisk

I kommunestyresak 71/13 står det at eigarskapsmeldinga for 2013 blei teke til etterretning.

Det har skjedd følgjande endringar sida førre melding blei laga:

- I kommunestyresak 67/13 blei det vedtatt "å gå inn i Haugaland Vekst IKS i samsvar med vedlagte avtalar" med NOK 100.000,- i selskapskapital. Selskapsavtalen skal vurderast innan 01.07.2015.
- I kommunestyresak 75/13 blei Christiane Elmies-Jansky og Jan Helge Moe valt til nye representantar i Ryfylke friluftsråd. Dei skal representere Suldal kommune på årsmøtet.

- I kommunestyresak 4/14 blei det løyvd NOK 40.000,- til Lyntogforum Vestlandsbanen / Norsk Bane AS.
- I kommunestyresak 34/14 står det at Suldal kommune er positiv til etablering av ein felles brann- og redningsvesen i vår region. Det vil bli lagt frem ei endeleg sak om ei eventuell deltaking i eit interkommunalt brann- og redningsvesen når ROS-analysen føreligg.
- I kommunestyresak 25/14 står det at formannskapet ber rådmannen "vurdera tiltak for å styrke barnevernstenesta, , herunder samarbeid med andre kommunar".
- I kommunestyresak 25/14 står at ein må vurdera samarbeidsavtalen med Suldal Vekst for å i større grad styrkja rekruttering av arbeidskraft til både kommunal og privat sektor".

Endringar frå førre melding – drift

Nokon punkt i frå generalforsamling/representantskap, rekneskap og årsmelding til dei einskilde selskap:

- Selskapet Fjordvegen Diktarvegen AS blei oppløyst 12.12.2013.
- Merknad til rekneskapet til Ryfylke IKS 2013: Ryfylkefondet har ein uavklart organisasjonsform, og er ikkje registrert i einingsregisteret. Dette blei og meldt i førre eigarskapsmelding.
- Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS har hatt manglande internkontroll, manglande HMS-retningslinjer og ikkje hatt verneombod. Det skal no vere rydda opp i. Jfr kontrollutvalet.
- Gullingen Utviklingsselskap har negativ eigenkapital
- Rygjatun Eigedom AS har hatt 2 endringar av dagleg leiar siste 2 år
- Rygjatun Eigedom AS har negativt årsresultat 2 år på rad, og byrjar å få låg eigenkapital. I sak 7 i generalforsamlinga til Rygjatun Eigedom AS står det "*Påminning om vedtak i kommunestyret 06.12.2011 om styrking av eigenkapitalen i Rygjatun Eigedom AS med kr. 700.000 i 2012 og kr. 550.000 i 2013. Det er tilgjengelege midlar i Suldal Utviklingsselskap AS til føremålet. Dette er ikkje realisert enno, men vedtaket gjeld og dagleg leiar i SUS AS bekreftar at midlar er sett av til føremålet.*"

Samla selskapsoversyn

i helle tusen årsresultat

	Selskap	Del	Verdi	Inntekt	Resultat	E	EK%	Eigarrep.
SA	Biblioteksentralen SA	0,01 %	0	574 291	26 212	154 839	82,5 %	Aud Merit Hauge
AS	BYGGOPP Rogaland AS	0,20 %	1	10 862	403	10 837	82,0 %	Ordfører
	Fjordvegen Diklarvegen AS	2,50 %	0	Selskapet er oppløyst				Ordfører
	Gullingen Utviklingsselskap AS	3,66 %	23	220	-76	-1 019	-118,8 %	Ordfører
	E134 Haukelivegen AS	2,80 %	10	1 671	53	5 222	43,2 %	Ordfører
	Kommunekraft AS	0,30 %	1	3 949	252	2 752	75,6 %	Ordfører
	Norsk Bane AS	11,81 %	1 232	2 097	-43	622	75,7 %	Ordfører
	Reisemål Ryfylke AS	0,82 %	0	3 437	76	1 421	69,2 %	Ordfører
	Ryggestun Eigesdal AS	100 %	9 100	5 459	-471	957	25,3 %	Ordfører
	Rysteg AS	22,53 %	250	12 769	711	3 472	56,2 %	Ordfører
	Suldal Utviklingsselskap AS	100,00 %	1 000	40	-949	7 371	93,3 %	Formannskapet
	Suldal Vekst AS	26,44 %	242	6 395	-149	790	92,0 %	Ordfører
	Suldalposten AS	34,00 %	139	7 574	97	2 273	56,6 %	Ordfører
IKS	Haugaland Kontrollutv. IKS	3,40 %	0	1 655	7	433	68,0 %	Sverre Underbakke
	Haugaland Vekst IKS	10,00 %	0	13 093	92	3 441	52,5 %	Torvald Myklebust
	Interkomm. Arkiv i Rogaland IKS	5,94 %	0	5 293	256	4 251	87,2 %	Torill Kvæstad
	Krisesenter Vekst IKS	2,29 %	0					Rådmannen
	Ryfylke Miljøverk IKS	18,82 %	0	41 550	1 167	15 608	49,4 %	Berit Haugland
	Ryfylke IKS	16,67 %	8	6 364	0	2 440	17,2 %	Ordfører
KF	Suldal Elverk KF	100,00 %	0	92 829	22 651	165 024	79,6 %	Kommunestyret
	Selskap	Del	Verdi	Inntekt	Resultat	E	EK%	Styrerep.
S	Suldal Bustadstifting			1 353	-276	770	3,9 %	Svein Losnegård
	Nilsmoenkollektivet			39 965	991	9 485	32,5 %	Endre Kvæstad
	Ryfylkemuseet			15 391	262	4 924	38,0 %	Tormod Skeie
	Samarbeid							Representantar
§ 25b	Interkommunalt helsesamarbeid							Rådmannen
§ 27	Haugaland Arbeidsgiverkontroll							Arnfinn Gundersen
	Interkommunalt IT-samarbeid							Rådmannen
	Ryfylke friluftsråd							Christine Emilie-Jensvik
	Ryfylkefondet							Rådmannen

- Del: vår eigardel i selskapet
- Verdi: bokført verdi i kommunerekneskapet av vår eigardel per 31.12.2012
- Inntekt: Omsetning
- Resultat: Årsresultat
- E: totale eigendelar
- Eigarrepresentant: Vår representant i representantskap / generalforsamling
- S – stiftelse kor me har 1 eller fleire styrepresentantar.
- § 28 b – vertskommunesamarbeid med fleire vertskommunar
- § 27 – samarbeid med fleire kommunar med felles styre

Presentasjon av kvart selskap

Her skriv vi om selskapet, vårt formål og om endringar. Finansiell nøkkelinformasjon finn du i tabellen i kapittel "Samla selskapsoversyn".

AL – Andelslag / Samvirkeføretak

Biblioteksentralen AL	
Formål	Tilbyr produkt og tenester til norske bibliotek
Internett	www.bibsent.no
Eigardel	0,01%
Andre eigarar	Alle kommunar/fylkeskommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.

AS – Aksjeselskap

BYGGOPP Rogaland AS	
Formål	Oppfølging og opplæring av lærlingar, og rekruttering til bygg- og anleggsbransjen. Bindeledd mellom skule, fylket og bedrifter. Avdelingskontor på Sand: Rytopp
Internett	www.rogaland.byggopp.no
Eigardel	0,2%
Andre eigarar	Kommunar i Rogaland, fylkeskommunen
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vera medeigar. Me ønskjer å vere ein god lærlingbedrift kor me ønskjer å sikre stabilitet og kvalitet på arbeidet.

Gullingen Utviklingsselskap AS	
Formål	Forvaltning av utmarksareal. Utbygging av fritidsbustadar og reiselivsanlegg. Sal av varer og tenester.
Internett	www.gullingen.com
Sentrale oppgåver	Selskapet har for sal 35 naturtomter. Suldal kommune byggjer ut VA-anlegg i området.
Dotterselskap	Mostøl VVA AS
Eigardel	3,66%
Andre eigarar	Grunneigarar
Motiv for eigarskap	Medlem av grunneigarlaget. Utvikling av området.

Haukelivegen AS	
Formål	Arbeide for utbygging og standardheving av E134
Internett	www.134.no
Sentrale oppgaver	Nye tunnellar Røldal-Haukelfjell. Haugalandspakka. Stordalen i Etne. Bompengeprojekt.
Eigardel	2,8%
Andre eigarar	Kommunar, fylkeskommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Regionsutvikling.
Årleg Bidrag	19.000 (2014)

Kommunekraft AS	
Formål	Formidle aksjeeigarane si disponible kraft, inkludert konsesjonskraft, og drive anna verksemd i tilknytning til dette.
Internett	www.lundogco.no/kommunekraft
Eigardel	0,3%
Andre eigarar	Kommunar og fylkeskommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.

Norsk Bane AS	
Formål	Utredning og prosjektering av høghastighetstog i Norge
Internett	www.norskbane.no
Eigardel	11,81%
Andre eigarar	>6% Vinje, Sauda, Odda, Bykle
Motiv for eigarskap	Regional utvikling

Reisemål Ryfylke AS	
Formål	Marknadsføring av reiselivsnæringa
Internett	www.ryfylke.com
Eigardel	8,82%
Andre eigarar	Kommunar i Ryfylke
Motiv for eigarskap	Utvikling av reiselivsnæringa. Marknadsføre Suldal.
Årleg Bidrag	397.000 (2014)

Ryglatun Eigedom AS	
Formål	Selskapet driv overnattings- og serveringsverksemd, samt utleige av symjehall og leilegheiter
Dotterselskap	Arena Eide AS
Internett	www.suldal.kommune.no
Sentral oppgåve	Innkvartering av volleyballinja ved den vidaregåande skulen
Eigardel	100%
Motiv for eigarskap	Sikre god forretningsmessig drift av anlegga. Sikre og utvikle eit godt skuletilbod på vidaregåande nivå i regionen. Vertskommuneansvar.
Årleg bidrag	400.000 (bassengdrift)

Rysteg AS	
Formål	Gjennom ulike arbeidsretta tilbod leggje til rette for at fleire blir inkludert i arbeidslivet.
Internett	www.rysteg.no
Eigardel	22,53%
Andre eigarar	Sauda kommune
Motiv for eigarskap	Skaffe arbeid til fleire for grupper som har vanskar for å komme inn på arbeidsmarknaden.

Suldal Vekst AS	
Formål	Innovasjon og næringsutvikling. Leggje til rette for nyskaping og vekst i nytt og eksisterande næringsliv.
Avtale	Kjøp av teneste – næringsutvikling/innovasjon 2. mill. kr årleg
Internett	suldalvekst.no
Eigardel	26,44%
Andre eigarar	Private
Motiv for eigarskap	Næringsutvikling. Skape arbeidsplassar. Marknadsføre kommunen. Kommunen sin vertskapsfunksjon for reiselivet.

Suldalsposten AS	
Formål	Lokalavis i Suldal
Avtale	Kjøp av annonseplass og abonnement. Kr. 823.000 (2014)
Internett	www.suldalsposten.no
Eigardel	34%
Andre eigarar	Private
Motiv for eigarskap	Kontroll med driftsform / vedtekter for å sikre vidare drift.

IKS – Interkommunale selskap

Haugaland Kontrollutvalgsekretariat IKS	
Formål	Tilby sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar
Internett	www.kontrollutvalgene.no
Eigardel	3,4%
Andre eigarar	Kommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.

Haugaland Vekst IKS	
Formål	Arbeide med kommunal og regional næringsutvikling. Nøkkelord: skape, utvikle, planlegge, profilere
Internett	www.kontrollutvalgene.no
Eigardel	3,4%
Andre eigarar	Kommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.
Årleg Bidrag	82.000

Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	
Formål	Bidra til forsvarleg ordning og oppbevaring av eldre og avslutta arkivmateriale, ei rasjonell og effektiv arkivdanning, og bygge opp arkivkompetansen
Internett	lkarogaland.no
Eigardel	5,94%
Andre eigarar	Kommunar og interkommunale samarbeidsordningar

Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Det kan vere med på å betre våre egne rutinar for arkivering.
---------------------	--

Ryfylke Miljøverk IKS	
Formål	Å løyse avfallshandteringa til eigarkommunane på ein best mogleg måte.
internett	www.rymi.no
Eigardel	18,82%
Andre eigarar	Strand, Finnøy, Hjelmeland, Forsand
Motiv for eigarskap	Sikre god og effektiv forretningsmessig drift av avfallshandteringa

Krisesenteret Vest IKS	
Formål	Sikre etterleving av krisesenterlova, og vere eit rådgivande organ.
Internett	Krisesentervest.no
Eigardel	2,29%
Andre eigarar	17 kommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.
Årleg Bidrag	209.000 (2014)

Ryfylke IKS	
Formål	Få til interkommunalt samarbeid på generell basis med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt.
Internett	www.ryfylkeiks.no
Sentrale oppgåver	Ryfylke etter Ryfast, Næringsareal, Transportutfordringar, Reiseliv, Energi, Kultur, Breband, Mobil, Sekretariat for Ryfylkefondet
Eigardel	16,67%
Andre eigarar	Finnøy, Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Sikre regional utvikling.
Årleg Bidrag	250.000

KF – Kommunalt føretak

Suldal Elverk KF	
Formål	Suldal Elverk er eit kommunalt føretak som sel og distribuerar elektrisk kraft, hovudsakleg i Suldal kommune. Selskapet er lokalisert på Sand og har 26 tilsette. Forvalte konsesjonskraft på vegne av kommunen.
Sentrale oppgåver	Nettdrift, kraftomsetning, produksjon av kraft, utbygging av breiband, drift av veglys
Internett	Sev.no
Eigardel	100%
Øvste organ	Styret
Motiv for eigarskap	Sikre god forretningsmessig drift. Lokalt eigarskap. Det er ei forventning på årleg utbytte på NOK 4mill.

S- Stiftelse

Suldal Bustadstifting	
Formål	Bygging og drift av utleigebustadar
Sentrale oppgåver	Drifte 36 utleigebustadar i Dalane, Sand
Styret	Utneamt av kommunestyret

Hiismoenkollektivet	
Formål	Gi et langvarig tilbod til ungdom (elev) med blant anna rusproblem
Sentrale oppgåver	Kollektiv på Hiismoen, mindre bufellesskap i Stavanger, behandling i eigen bustad. Mangfaldig aktivitetstilbod, veletablert skule- og arbeidstreningstilbod, familiarbeid, terapi
Styret	1 frå Suldal kommune av totalt 6 styremedlemmer

Ryfylkemuseet	
Formål	Regionalt museum for Ryfylke
Internett	www.ryfylkemuseet.no
Sentrale oppgåver	Ta vare på historia og kulturminner, tilby kunnskap og oppleving
Styret	1 representant frå kvar kommune
Avtale	Vi betalar NOK 1,57 millionar kr i året kor 1,17 millionar gjeld vertskommunestøtte og 0,4 millionar er støtte til Lølandssenteret.

§ 28b samarbeid

Interkommunalt samarbeid helse og omsorg	
Formål	Gjennomføring av samhandlingsreforma
Deltakarar	Suldal, Sauda, Etne, Vindafjord
Anna	I prosjektfasen. Avtalar til vedtak vinteren 14/15

§ 27 samarbeid

Haugaland Arbeidsgiverkontroll	
Formål	Kontroll av arbeidsgjevarar på vegne av skatteoppkrevjar i deltakarkommune
Deltakarar	Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Utsira, Bokn, Vindafjord, Sauda og Suldal
Anna	Sikra kompetanse i eigen region og sikra effektiv drift.

Interkommunalt IT-samarbeid	
Formål	Felles drift og utvikling av IT
Deltakarar	Suldal, Sauda, Hjelmeland, Strand
Anna	Sikra kompetanse i eigen region og sikra effektiv drift.

Ryfylke friluftsråd	
Formål	Naturoppsyn. Skjøtsel av verna områder.
Deltakarar	Kommunar i Ryfylke
Våre representantar	Berit Haugslund, Nina Østebø

Ryfylkefondet	
Formål	Forvaltar delar av konsesjonskraftgevinst til eit tiltaksfond for Ryfylke. Fondsmidlane skal nyttast til utviklingstiltak for å sikre busettinga i dei kommunane som er med i Ryfylke IKS.
Anna	Uavklart organisasjonsform
Deltakarar	Rogaland fylkeskommune, Sauda, Suldal, Hjelmeland, Forsand
Sekretariat	Ryfylke IKS, www.ryfylke.iks

KOMMUNAL RAPPORT

Av Ole Petter Pedersen

17. november 2014 - 11:02

TBU: 1,75 prosent er nok

Teknisk beregningsutvalg anbefaler nå kommunene å ha et **netto driftsresultat** på 1,75 prosent. Fylkeskommunene bør derimot ha langt større marginer, mener TBU.

Det kommer fram i høstrapporten til TBU, som blir publisert i dag, mandag. Helt siden 2002 har staten og KS vært enige om at netto driftsresultat for kommunesektoren burde ligge på 3 prosent. Poenget har både vært å ha en driftsmargin, å bevare verdiene sektoren allerede sitter på og å kunne sette av noe egne penger til investeringer.

Et par år senere ble momskompensasjonsordningen kraftig utvidet, slik at kommunene i praksis fikk driftsinntekter via momsrefusjon på investeringer. Nå er denne momsrefusjonen flyttet til investeringsregnskapet. Derfor har det lenge vært ventet at TBU ville revurdere anbefalingen om netto driftsresultat. Svært mange kommuner bruker anbefalingen fra TBU når de selv skal sette mål for økonomisk margin i driftsbudsjettet. Anbefalingen fra TBU har derfor stor betydning.

Fylkene: 4 prosent

Konklusjonen er at kommunene bør ha et netto driftsresultat på 1,75 prosent – mens fylkeskommunene bør ligge på hele 4 prosent. Samlet gir det et anbefalt netto driftsresultat for sektoren på 2 prosent.

Som Kommunal-Rapport.no har omtalt tidligere i høst, ligger kommunene an til å budsjettere med et netto driftsresultat på 1,2 prosent for neste år. KS varslet også tidligere i høst at det i år ligger an til det dårligste netto driftsresultat på mange år; rundt 1 prosent.

Det er første gang utvalget skiller på hva som bør være målet i kommunene og fylkeskommunene. Bakgrunnen er at fylkeskommunene overtok et stort veinett fra staten i 2010.

«Forvaltningsreformen ble i stor grad finansiert gjennom økte rammetilskudd ført i driftsregnskapet og andelen av fylkeskommunenes investeringer som lånefinansieres er lavere enn før reformen. Forvaltningsreformen trekker følgelig i retning av at det anbefalte nivået på netto driftsresultat justeres opp for fylkeskommunene», skriver utvalget.

I tillegg gjelder den nye anbefalingen for kommunene som konsern, og ikke bare kommunekassene. «Argumentene for denne endringen er at kvaliteten på konserntallene har blitt bedre og at de i mindre grad enn kassetallene påvirkes av hvordan tjenesteproduksjonen er organisert», heter det i TBU-rapporten.

Økonomisjefene ba om 3 prosent

Utvalget har dermed ikke lyttet til ønsket fra økonomisjefene rundt om i kommunene. Da Kommunal-Rapport.no spurte dem tidligere i høst, var det en klar oppfatning blant dem som svarte, at 3 prosent ville være best.

Bare 10 prosent av dem som svarte oss da, mente anbefalingen burde ligge lavere enn 2 prosent. – Jeg synes det er rimelig at anbefalingen reduseres, da omleggingen har stor reell betydning for bunmlinja i kommunene.

Den bør likevel minst ligge på 2 prosent, mente Bjarte Madland, økonomisjef i Gjesdal, da. Det var en typisk reaksjon blant dem som gikk inn for å redusere nivået fra 3 prosent. For ett år siden skisserte TBU at rundt 2 prosent kunne være godt nok. Men den gang avsto utvalget fra å komme med en offisiell anbefaling.

– Gjelder ikke for alle

Utvalget, hvor både forskere, statsbyråkrater og kommunesektoren er representert, understreker at anbefalingen gjelder for kommunesektoren samlet.

«Anbefalingene må derfor betraktes som tommelfingerregler, snarere enn fasitsvar på hva som er «riktige» nivåer på netto driftsresultat», heter det i rapporten.

«Flyttingen av momskompensasjon for investeringer fra driftsregnskapet til investeringsregnskapet medfører ingen endring i kommunenes økonomiske situasjon. Flyttingen kan likevel få betydning for den enkelte kommune. (...) Flyttingen vil først og fremst representere en utfordring for kommuner hvor driftsresultatet har vært lavere enn momskompensasjon for investeringer», påpeker TBU.

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2014

Quality Hotel Residence, Sandnes

20. november 2014

Tema for årets konferanse er **ERFARINGSUTVEKSLING**. Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Vi har invitert noen kontrollutvalgsledere til å dele sine erfaringer med oss. Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til de tre første innleggene.

PROGRAM

- 10:00 **Velkommen**
Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget
- 10:05 **Granskning av Uni-K AS**
Torleif Lothe, Leder av kontrollutvalget i Haugesund kommune
- 10:45 Pause
- 11:00 **Utfordrende saker for kontrollutvalgene**
Steinar Torgersen, Leder av kontrollutvalget i Stavanger kommune
- 11:45 **Årsmøte 2014 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland**
- 12:00 **Lunsj**
- 13:00 **Hvordan gjøre kontrollutvalgets arbeid givende og spennende**
Trond Roy Pedersen, leder av kontrollutvalget i Time kommune
- 13:45 Pause
- 14:00 **Medieblikk**
Ståle Frafjord, Journalist
- 14:45 **Avslutning**

Pris kr **900.-** pr. person

Påmelding innen **7. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	27.11.14	23/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING OM BUDSJETTFRAMLEGGET FOR 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018

Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følge med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legger fram sitt forslag til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018:

Budsjettframlegg for 2015 og økonomiplan 2015-2018 er lagt ut på kommunen sin nettside www.suldal.kommune.no eller kan hentast på rådhuset.


Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama i kommunestyremøte i desember.

Rådmannen vil gjere greie for sitt framlegg til budsjett og økonomiplan i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

Aksdal, 19.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	27.11.14	24/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2015

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å starte med i 2015, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast i haust.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll skal bestillast med bakgrunn i vedtekne planar.

Ny plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015 blei vedteken av kommunestyret i januar 2013. Følgjande prosjekt er prioriterte i planen:

1. Barnevernet (ferdig 2013)
2. ~~Styring av byggeprosjekter~~ (ferdig 2013)
3. Helseavdelinga – organisering og arbeidsmiljø
4. Arbeidsgjevarpolitikk (ferdig 2014)
 - Etikk
 - Samhandlingsreforma
 - Bestillerkontoret
 - Rutinar ved skrifte av leger
 - Arealplanlegging og byggesaksbehandling
 - Selskapskontroll - eigarskapsmelding

Dei fire fyste prosjekta er prioriterte, dei andre er uprioritert.

Ny plan for selskapskontroll 2012-2016 blei også vedteken i januar 2013. Følgjande prosjekt er valt ut:

- Eigarskapskontroll av Suldal kommune
- Krisesenter Vest IKS (koordinert med andre eigarkommunar)

Utvalet har så langt i perioden valt følgjande revisjonsprosjekt: Barnevern, Styring av byggeprosjekt og Arbeidsgjevarpolitikk. Ein revisjon av Plan- og byggesaker er under utarbeiding og vil bli lagt fram for utvalet i februar 2015.

I samarbeid med dei andre eigarkommunane har det blitt gjennomført ein selskapskontroll av Interkommunalt Arkiv Rogland IKS (2013).

Konkrete prosjekter kan veljast ut frå:

- opplysningar kome fram under regnskapsrevisjon,
- saker som har vore handsama i kommunestyre og kontrollutval,
- administrasjonens uttalte ønskjer og behov,
- erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgivarar,
- forhold som har vært framme i media, nasjonalt eller lokalt,
- tilsyn utført av fylkesmannen eller anna tilsynsorgan.

Oppslag rundt om i landet om mislighald og uetisk framferd har ført til at mange kontrollutval har ønska å sette søkelys på korleis kommunen arbeider med dette, både generelt og innan meir spesifikke tema. Det blir derfor gjennomført prosjekter innan blant anna:

- etikk og risikostyring - retningslinjer og oppfølging
- innkjøp

Vidare er mange utval merksame når det gjeld tenestetilbodet til spesielt utsette grupper i kommunane. Det gjennomføres prosjekter innan bl.a.:

- barnevern,
- avlastning,
- rusvern,
- spesialundervisning.

Det kan settast søkelys på korleis kommunen møter sine innbyggjarar, og korleis brukarane sjølv opplever tilbodet. Normalt er brukarperspektivet inkludert i alle analyser, men det kan nemnes noen typiske eksemplar som:


- kvalitet i skulesektoren,
- innspel frå innbyggjarane,
- kvalitet og produktivitet i byggesaker,
- utbyggingsområde,
- sjølvkost.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg noko sidan planen vart laga.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt/ eller selskapskontroll av «xxxxx» til neste møte, 11.02.15.

Aksdal, 19.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	27.11.14	25/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2015

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (4 - 5 møter pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2015. Fast dag og tid for møta har vore torsdag kl. 09.30 det siste året. Neste år skal det vere kommunestyreval, måndag 14. september. Konstituering av kommunestyret og val av styre, råd og utval må i følgje kommunelova skje innan utgangen av oktober månad. Noverande utval vil fungere fram til nytt utval er valt.

Saksorientering:

Fyrste møte i kontrollutvalet på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på sakslista. I neste møte handsamar kontrollutvalet kommunen sin rekneskap. Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak før kontrollutvalet sitt vedtak ligg føre, dvs. at innstillinga skal følgje saka. Dato for dette møtet må difor vere etter kontrollutvalet sitt møte. Etter møteplan for 2015 vil formannskapet handsama årsrekneskapen i møte 7. – 8. mai og kommunestyret 19. mai.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2015:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Onsdag 11. februar	Kl. 09.30	
Onsdag 29. april	Kl. 09.30	
Torsdag 3. september	Kl. 09.30	
Torsdag 12. november	Kl. 09.30	Nytt utval

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Aksdal, 19.11.14



Odd Gunnar Høie

Rådgjever/utvalssekretær

Oversiktskalender 2015

Januar 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1				1	2	3	4
2	5	6	7	8	9	10	11
3	12	13	14	15	16	17	18
4	19	20	21	22	23	24	25
5	26	27	28	29	30	31	

5 ○ 13 ● 20 ● 27 ○

Februar 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5							1
6	2	3	4	5	6	7	8
7	9	10	11	12	13	14	15
8	16	17	18	19	20	21	22
9	23	24	25	26	27	28	

4 ○ 12 ● 19 ● 25 ○

Mars 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9							1
10	2	3	4	5	6	7	8
11	9	10	11	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21	22
13	23	24	25	26	27	28	29
14	30	31					

5 ○ 13 ● 20 ● 27 ○

April 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
14			1	2	3	4	5
15	6	7	8	9	10	11	12
16	13	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24	25	26
18	27	28	29	30			

4 ○ 12 ● 18 ● 26 ○

Mai 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18					1	2	3
19	4	5	6	7	8	9	10
20	11	12	13	14	15	16	17
21	18	19	20	21	22	23	24
22	25	26	27	28	29	30	31

4 ○ 11 ● 18 ● 25 ○

Juni 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
23	1	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25	26	27	28
27	29	30					

2 ○ 9 ● 16 ● 24 ○

Juli 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
27			1	2	3	4	5
28	6	7	8	9	10	11	12
29	13	14	15	16	17	18	19
30	20	21	22	23	24	25	26
31	27	28	29	30	31		

2 ○ 8 ● 16 ● 24 ● 31 ○

August 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						

7 ● 14 ● 22 ● 29 ○

September 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
36		1	2	3	4	5	6
37	7	8	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29	30				

5 ● 13 ● 21 ● 28 ○

Oktober 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40				1	2	3	4
41	5	6	7	8	9	10	11
42	12	13	14	15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27	28	29	30	31	

4 ● 13 ● 20 ● 27 ○

November 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44							1
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9	10	11	12	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48	23	24	25	26	27	28	29
49	30						

3 ● 11 ● 19 ● 25 ○

Desember 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
49		1	2	3	4	5	6
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17	18	19	20
52	21	22	23	24	25	26	27
53	28	29	30	31			

3 ● 11 ● 18 ● 25 ○

- ☞ 1. jan Nyttårsdag
- ☞ 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 11 år
- ☞ 6. feb Samefolkets dag
- 8. feb Morsdag
- ♥ 14. feb St. Valentines dag
- 15. feb Fastelavn
- ☞ 21. feb Kong Harald, 78 år
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 29. mar Sommertid start
- 29. mar Palmesøndag
- 2. apr Skjærtorsdag
- 3. apr Langfredag

- ☞ 5. apr 1. påskedag
- 6. apr 2. påskedag
- ☞ 1. mai Off. høgtidsdag
- ☞ 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 14. mai Kr. Himmelfartsdag
- ☞ 17. mai Grunnlovsdag 1814
- ☞ 24. mai 1. pinsedag
- 25. mai 2. pinsedag
- ☞ 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 21. jun Sommersolverv
- 23. jun Jonsokaften
- ☞ 4. jul Dronning Sonja, 78 år
- ☞ 20. jul Kronprins Haakon, 42 år
- ☞ 29. jul Olsokdagen

- ☞ 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 42 år
- 23. sep Høstjevndøgn
- 25. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 1. nov Allehelgensdag
- 8. nov Farsdag
- 29. nov 1. søndag i advent
- 13. des Luci dagen
- 22. des Vintersolverv
- ☞ 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag

